

Sak 04-20 Betaling for Nomil ekstrasekkar brukt hos VØR.

Tilråding til vedtak

Styret vedtek å gi løyve til å bruke ekstrasekkar kjøpt hos Nomil, ut året 2020. Frå 2021 gjeld berre VØR merka sekkar som betalingsmiddel.

Saksutgreiing

Vi har fått spørsmål frå innbyggjarar i Hornindal, om dei kan få lov å nytte sekkane som dei har kjøpt som ekstrasekkar hos Nomil, hos VØR.

I utgangspunktet er vi avvisande til dette, då sekkane er eit betalingsmiddel kjøpt ein stad og så vert dei brukt ein annan stad.

Vi vel likevel å sjå stort på det. Vi trur at det er få abonnentar og sekkar det gjeld, på same måte som det er få hos VØR som nyttar slike sekkar. Dei fleste leverar slikt avfall over vekt.

Dei to spørsmåla vi har fått, er frå ein pårørande til ein person med særskilte behov, og frå ein abonnent som driv med utleige av hytter på sommaren. Hos den siste var det berre nokre få sekkar vedkomande hadde att.

Truleg gjeld det fleire, men vi har vanskeleg for å tru at omfanget er særleg stort, i eit område som har nytta avfallsbeholdarar sidan selskapet vart stifta i 1995.

Betalingssatsane er i Nomil jfr. Heimesida kr 107,- pr sekk. Hos VØR kr 88,-


Petter Bjørdal

Dagleg leiar